Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Vinje

Emne: Vassbering — Bygdelag: Smörklepp

Oppskr. av: Ketil Rui — Gard: Rui

(adresse): Vinjesvingen — G.nr. 70 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Om det var noko lang vassveg vart det fyrr ofte bruka „ök" eller vassök. Dei og kjimen til låg på båe hendane med ei utorskjering for halsen. I det siste dei var ibruk nytta folk helst taug til å henge böttene i. Fyrr var det vidjer med treknokar. Dei eldste folk eg hev spurt kan ikkje minnast at trebyttor hev vore bruka til å bera vatn i. Derimot nytta dei trebyttor i fjöset til å „brönne" dyri i.

2. Til å bera vatn i bruka dei ofte ein „såe" som dei bar på „såestre". Dei måtte då vera tvo til å bera. På såestreet var eit tvertre som vart stunge gjenom öyra på såen. Ein vanleg såe tok omlag 30 l. Eg hev höyrt at dei bruka å taka noko snö i vatnet so det ikkje skulle skvangla so. Såestreet vart også bruka til å bera „töysor" åt fjöset på.

2735

3. Det var mange som skreidde vass-såum på ski om vettern. Dei nytta oftast eit gamalt ubrukeleg ski som det var spikra ein klamp på til å setja såum mot.
4. Det var og er vel oftast kvende som må bera vatn.
5. Det er godtsom slutt med både bering og skreiing av vatn no. Det er berre enkelte staden, helst på dei minste gardane, at dei endå må bera vatn.
6. Köyring av vatn hev berre vore bruka på enkelte garden og i serleg turre vetrar. Under nuten og dei bratte lidane her i byggdi er det oftast godt om stadigt vatn.
7. No for tidi er det ikkje mange som hev innlagt vatn i allefall i fjóset. Og her i ~~fjo~~ krinsen trur eg no tri fjordeparten hev fenge springvatn på kjöken og. Men det er ikkje lenge det hev vore so. Rettnokk vart dei fyrste springvatni lagde for 65 år sidan, men det var berre til fjóset og til eit „vasskjer" ute i tunet. Fyrst i siste åra fyre krigen kom det fart i dette arbeidet.

Dette eg hev svara på her gjeld berre i krinsen. Det er ikkje allstad dei hev kome so langt. Det skil mykje etter kor dyrt det vert å få det til på dei ymse staden. Dertil ser det ut til å „smitta" Hev fyrst ein fenge vatn, skal andre og ha.

2735
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tel.
Vinje

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Varet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Til nr 5. Ingebjørg Haugerud, Vinjesvingen (70 år) fortel at på Rismyr i Grungedal var der i hennar ungdom ein liknande reidskap som den De fortel om frå Tinn. Ho såg han aldri i bruk og høyrde ikkje namn på han

2734

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING